


FØRSTELINERETTSHJELP

30 MINUTT GRATIS  
RETTSHJELP



### **Formål**

Førstelinerettshjelpa gir juridisk rettleiing og råd til privatpersonar. Ordninga er eit prøveprosjekt i regi av Justisdepartementet. Departementet brukar prosjektet for å vurdere om og korleis denne tenesta kan tilbys over heile landet.

### **Kven kan få tenesta?**

Alle som bur i kommunen kan bruke Førstelinerettshjelpa.

Du kan kome til Førstelinerettshjelpa med alle typer juridiske spørsmål, bortsett frå spørsmål om straff og spørsmål frå sjølvstendig næringsdrivande vedrørande eigen næringsverksemd.

Den offentlege forvaltninga har plikt til å gje rettleiing innafør saksområdene sine. Dersom problemet ditt kan løysast ved å få slik rettleiing, kan du ikkje bruke Førstelinerettshjelpa.

### **Tenesta sitt innhald**

Førstelinetenesta gir deg ei samtale med ein advokat i inntil 30 min. Tilbodet er gratis, og kan gjevast ein gong per person per år.

Du kan få hjelp til:

- å finne ut om spørsmålet eller problemet er juridisk, og om det er noko å gå vidare med
- å finne frem til informasjon om lover og regler
- å løyse problemet eller spørsmålet dersom advokaten meiner at det kan gjerast forsvarleg innafør den tida som er til rådigheit
- å finne ut av kor du kan vende deg for å få hjelp hvis problemet eller spørsmålet ditt ikkje kan løysast på staden, og kva det i så fall vil kunne kome til å koste

Dersom du ynskjer å gå vidare med saka etter å ha snakka med advokaten, står du fritt til å velge den advokaten du måtte ynskje. Dette vil imidlertid ikkje omfattast av ordninga.

### **Tilgjengelighet**

Førstelinerettshjelpa har kontordag på Servicetorget på Ål ein måndag i månaden:

For å få time hos advokat, kan du vende deg til servicetorget på telefon 32 08 50 00 evt. e-post [servicetorget@aal.kommune.no](mailto:servicetorget@aal.kommune.no). Vi treng ditt namn og telefonnummer.

### **Kvalitet**

Advokatane i Førstelinerettshjelpa er ikkje tilsette av kommunen, og kommunen har ingen påverknad på dei råda som gis.

### **Tieplikt og personvern**

Advokaten i Førstelinerettshjelpa har tieplikt. Dette gjeld og ovanfor kommunen.

Også kommunen sine tilsette har tieplikt om det dei måtte få kjennskap til vedrørande personar som nyttar seg av Førstelinerettshjelpa.

For meir informasjon sjå nettsida vår: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no).